

Dei fyrste som budde på Nybru etter at bruket blei frådelt frå Våga, skyldsett i 1827: Bjørn Tormodsen Vaaga f. 1809 og Magla Johannesdatter Gammel-Rød f. 1812. Dei brukte vidare Nybru som etternavn.

Etternavn på den tida var på ein måte ei adresse som synte kor folk budde. Borna deiras har difor etternavn etter der dei slo seg til. Eit eksempel er eldste sonen Tormod som først budde i Skipevåg (Vikane). Han heitte då Tormod Bjørnsen Skipevåg til han overtok Nybru og bytta til Nybru igjen. Broren Bjørn flytta så til Skipevåg, og blei til Bjørn Bjørnsen Skipevåg.

Bjørn og Magla sine 8 barn og 56 barnebarn:

Johanna, født i januar 1833, gift med Halvor Helgesen Kvaløy, budde først i Kvaløy og seinare på vestre Nes i Vikedal, Johanna døydde i oktober 1880, 47 år, 7 barn. Etternavn: Nes

1. Helge f. 1854
 2. Bjørn f. 1857
 3. Cathrine f. 1859 *
 5. Magla f. 1861
 4. Halvor f. 1863
 6. Tormod Johan f. 1874
 7. Katrina f. 1873 *
-

Siri, født i oktober 1835, (Sigrid blei og brukt, døypenavn i flg kyrkjeboka er Siri) gift med Christen Roaldsen Hustvedt, budde på Naustbakken under Nybru, døydde oktober 1904, 69 år, 6 barn. Etternavn: Brukt både [Nøstbakken](#) og Nybru

1. Helga f. 1862
 2. Magla f. 1866
 3. Rakel Kristine f. 1868
 4. Berta f. 1870
 5. Marta f. 1874
 6. [Serina f. 1877](#)
-

Tormod, født 5. mars 1838, gift med Brita Larsdatter Skipevåg født 1835. Dei budde 6-7 år i Skipavåg (Vikane), men flytta i 1871 til Nybru og overtok garden der.

Brita døydde i mai 1885 og Tormod i oktober 1920. 7 barn. Etternavn: Nybru

1. Magla f. 1865
 2. Bjørn f. 1866
 3. Marta f. 1868
 4. Berta f. 1871
 5. Lina f. 1874
 6. Lars f. 1876
 7. Thea f. 1879
-

Gundla født 1842, gift med Anders Johannesen Lovra og budde på Lovra-Slåtten i Jelsa. Gundla døde vel 60 år gl. 8 barn. Etternavn: Lovra

1. Johannes f. 1861
 2. Mallin f. 1865
 3. Bjørn f. 1867
 4. Magla f. 1869
 5. Marta Karina f. 1872
 6. Andreas f. 1875
 7. Tormod f. 1876
 8. Gudmund f. 1878
-

Johannes født 1844, gift med Ingeborg Johannesdatter Sørheim, Vikedal og budde først på garden Kaldheim og seinare på Myrane, Mo i Vikedal. Johannes døde i mai 1912 68 år, 2 barn. Etternavn: Mo

1. Bjørn f. 1885
 2. Bertha f. 1887
-

Magla født desember 1848, gift med Ola Larsen Skipevåg og budde i Skipevåg. Ola døde i februar 1917, 79 år gl og Magla døde i 1924 – 76 år gl. 10 barn. Etternavn: Skipevåg.

1. Martha f. 1869
 2. Lars f. 1871
 3. Bjørn f. 1874
 4. Magla Serine f. 1876
 5. Olaus. f. 1879
 6. Thormod f. 1882
 7. Anna f. 1885
 8. Oline Martine f. 1888
 9. Johan f. 1891
 10. Magla f. 1893
-

Bjørn født 18/12 – 1850 gift med Borghild Bjørnsdatter Skeie i Sand, budde på Vikane i Skipevåg. Borghild døde i mai 1900, 40 år, og Bjørn døde i oktober 1940 nær 90 år gl. 8 barn. Etternavn: Skipevåg.

1. Magla f. 1881
 2. Inger f. 1882
 3. Bjørn f. 1884
 4. Konrad f. 1888
 5. Berta f. 1891
 6. Thea f. 1893
 7. Borghild f. 1896
 8. Johannes f. 1898
-

8. **Brita** født 9/2 – 1854, gift med Torjus Larsen Skipevåg (Vormestrand). Dei bygde hus på Nausthaugen i Skipevåg det året dei gifte seg i 1874, og budde der til dei kjøpte gard på Vormestrand i 1878-79. Torjus døydde i april 1938 94 år, og Brita døydde i februar 1944, 90 år. Torjus og Brita hadde 8 barn. Etternavn: Vormestrand.

1. Lars f. 1875
2. Bjørn f. 1878
3. Thormod f. 1880
4. Magne f. 1883
5. Marta f. 1887
6. Torjus Bernhard f. 1890
7. Magla f. 1893
8. Bertel Johan f. 1896

Tre av borna til Bjørn og Magla Nybru var altså gifte med tre av borna til Lars Olsen Skipevåg og Marta Torjusdatter, f. Ropeid.

Marta Torjusdtr f. Ropeid var dotter til Brita Torjusdtr. Waaga. og dermed syskenbarnet til Bjørn Tormodsen Nybru.

Desse tre syskena på Nybru som gifte seg med med syskena i Skipevåg blei då tremenningar. Barneflokkane deiras som utgjere 25 av barnebarna til Bjørn og Magla Nybru var dermed firmenningar og doble syskenborn.

* Det er litt usikkerhet ang to av borna til Johanna og Halvor på Nes. Det er oppført to med meste like namn, Cathrine f. 1859 og Katrina f. 1873. Er usikker på om det kan stemme.